



Miljøverndepartementet

Postboks 8013 Dep

0030 OSLO

Dykkar ref: 200904219-/GKM

Vår ref: 118562-56

Oslo, 14. desember 2010

### **Endringar i rovviltforskrifta - godtgjeringsordning for skadefelling av rovvilt - USS høyringsfråsegn.**

Utmarkskommunenes Sammenslutning (USS) viser til brev av 3. november 2010, med forslag til endringar i rovviltforskrifta om godtgjeringsordning for skadefelling av rovvilt. Under fylgjer vår høyringsfråsegn.

USS representerer 84 kommunar over heile landet, der fleire har sterke interesser i den statlege rovdyrforvaltninga. Fleire av medlemskommunane vil også sende egne høyringsfråsegner.

Den midlertidige forskrifta om godtgjering til skadefelling har, som departementet også understrekar i sitt høyringsbrev, ikkje fungert tilfredsstillande. Forskrifta har verken fungert som eit insentiv til å få utført skadefelling av rovdyr på ein effektiv måte, eller gitt skadefellingslaga kompensasjon for faktisk utført arbeid. Den har ikkje bidrege til å dempe konfliktane i rovdyrdebatten, men i mange tilfelle vore ei kjelde til frustrasjon på lokalt nivå over rammene for den nasjonale rovviltpolitikken.

USS er difor glade for at departementet foreslår grunnleggjande endringar i dagens godtgjeringsordning i forslaget som er sendt på høyring. Likevel er det framleis uavklarte spørsmål og manglar ved det føreliggjande høyringsforslaget, særleg når det gjeld finansieringa av ordninga.

#### **Forslaget til ny godtgjeringsordning**

Departementet foreslår å betre godtgjeringsordninga i samband med skadefelling av rovvilt ved å endre dagens ordlyd i rovviltforskrifta § 9, og å leggje til ny § 9a, slik at det blir innført ei generell godtgjering for alle deltakarar i kommunale og interkommunale skadefellingslag.

For det fyrste er det foreslått at godtgjering skal bli gitt frå dag éin av skadefellingsforsøket. Dette er USS nøgd med. Vi har tidlegare etterlyst eit slikt prinsipp, då vi ser det som heilt grunnleggjande at deltakarane i fellingslaga får godtgjering for den *faktiske tida* dei har brukt på skadefellingsforsøket, uansett lengda på eit slikt oppdrag. Det er også viktig med godtgjering frå dag éin for å gje gode insentiv til eit effektivt uttak av det skadegjerande rovviltet.

Vi er også nøgde med at vilkåret om tapt arbeidsforteneste er foreslått fjerna, slik at godtgjering blir utbetalt til alle deltakarar i skadefellingslaget uansett arbeidssituasjon.

USS er også positive til forslaget om å vidareføre ordninga med dekning av faktiske og dokumenterte utgifter i samband med skadefellinga, og at dette skal gjelde også for deltakarar utanfor det kommunale/interkommunale fellingslaget.

### **Rett til godtgjering**

Den største mangelen ved høyringsforslaget er etter USS si oppfatning at departementet foreslår å oppretthalde godtgjeringsordninga som ei *løyveordning*. Vi har ved fleire høve understreka det prinsipielt viktige i at godtgjeringsordninga vert tufta på *retten til godtgjering*, slik at godtgjeringsordninga ikkje kan avkortast av budsjettmessige rammer til ei kvar tid.

Vi viser til fråsegnene våre i samband med høyringa på midlertidig forskrift for godtgjering til skadefellingslag (21. juli 2008, s. 2-3):

*”Rovdyrpolitikken er statens ansvar. Det innebærer at staten ikke bare har ansvaret for utformingen av politikken og de nødvendige virkemidler, men også har ansvaret for å gjennomføre den. Dette er også understreket av en enstemmig Høyesterett i den såkalte Rendalsdommen fra 2006, hvor det innledningsvis påpekes at rovdyrpolitikken er en del av statens naturfredningspolitikk, og at kostnadene ved politikkgjennomføringen er statens ansvar fullt ut. (...)*

*Det tør være innlysende at rovdyrforvaltningen i overskuelig fremtid vil være avhengig av lokale fellingslag. For det første er det verken hensiktsmessig eller ønskelig å utvide SNO i et omfang som skulle gjøre det mulig for SNO å foreta all skadefelling i hele landet. For det andre er det hevet over tvil at vi med dagens rovdyrpolitikk vil ha behov for forholdsvis omfattende og raske uttak av skadedyr, noe som bare kan gjennomføres av lokale fellingslag. Det følger av en slik erkjennelse at en forskrift om godtgjørelse for skadefelling ikke kan være basert på årlige bevilgninger, men må bygge på at de kostnader som til enhver tid måtte vise seg nødvendige skal dekkes av staten. Ordningen bør således være rettighets- og ikke bevilgningsbasert.”*

Diverre kan vi ikkje sjå at departementet foreslår endringar på dette punktet. Forslag til ny ordlyd i § 9 tredje ledd fjerde punktum slår fast at det i samband med vedtak frå Fylkesmannen om felling “[...] kan gis bestemmelser om dekning av påløpte utgifter i forbindelse med felling.” Fylkesmannen har dermed ikkje ei plikt til å fatte vedtak om at utgifter skal kompenseras.

Forskrifta legg opp til at Fylkesmannen skal setje ei budsjetttramme for kvart vedtak om skadefelling, jf ny § 9 a fjerde punktum, og at kommunen får i oppgåve å administrere utbetalingane av desse midlane. Utbetalingane frå kommunen kan ikkje overskride rammene frå Fylkesmannen. Dette betyr at Fylkesmannens tildelingar for kvart einskild fellingsoppdrag vil styre korvidt det kan utbetalast godtgjering frå kommunen eller ikkje.

Den administrative og økonomiske organiseringa av ordninga viser også at det ikkje ligg føre nokon garanti for utbetaling av godtgjering. Utgiftene til godtgjeringsordninga skal dekkast over kap. 1427 post 73 – *”Forebyggende og konfliktdempende tiltak i rovviltforvaltningen”*, som blir fordelt til dei regionale rovviltnemndene. I merknadane til forskriftsforslaget heiter det (s 5-6):

*”Nemndene må selv sette av tilstrekkelige midler i sin region ut fra et anslag om behov for godtgjøring i løpet av sesongen. Samlede utgifter vil avhenge av hvilke budsjetttrammer fylkesmennene setter på skadefellingsforsøkene”.*

Ved å inkludere midlane til godtgjeringsordninga i same budsjettpost som konfliktdempande og førebyggjande tiltak, må godtgjeringsordninga konkurrere med andre gode og nødvendige tiltak i rovviltforvaltninga.

For rovviltnemndene kan det også vere ei utfordring å vurdere behovet for godtgjeringsmidlar sidan utgiftene kan variere frå år til år. Det kan dermed oppstå ein risiko for at budsjetterte midlar ikkje dekker det reelle behovet for godtgjøring, med påfølgjande problem for eventuell utbetaling til godtgjøring seint i sesongen. Eller ein kan risikere det motsette - at det på slutten av sesongen står att ubrukne midlar som kunne ha vore nytta til andre konfliktdempande og førebyggjande tiltak tidlegare på året.

USS meiner dette illustrerer kor problematisk dagens prinsipp om ei *løyvebasert* godtgjøring er. Godtgjeringsordninga må konstant balansere aktivitet og innsats innanfor dei budsjetterte midlane, i staden for å vere basert på dei faktiske utgiftene skadefellinga har medført.

Vi vil minne om at skadefelling av rovvilt skjer som fylgje av ein nasjonalt vedteken rovdyrpolitikk. Ved å gjere ordninga *løyvebasert* innanfor same budsjettpost som andre nødvendige tiltak for å redusere dei negative fylgjene av rovviltpolitikken, lempar departementet indirekte det økonomiske ansvaret for godtgjeringsordninga over på lokalt plan – i form av at innsatsen ikkje nødvendigvis blir kompensert.

USS stiller også spørsmål ved om ordninga med tildeling av fellingsbudsjett frå Fylkesmannen vil sikre den fleksibiliteten som er nødvendig i samband med skadefellingane. Ordninga inneber at Fylkesmannens budsjetttrammer blir styrande for talet på deltakarar i skadefellingslaget i kvart einskild tilfelle, med den risiko at fellingslaga kan bli for små og lite effektive dersom ikkje budsjetttramma er tilstrekkeleg vid. Også dette talar for at godtgjeringsordninga bør vere basert på ein *rett* til godtgjøring av faktiske utgifter.

USS ber etter dette departementet om at godtgjeringsordninga vert basert på ein *rett til utbetaling*.

### **Kommunen som administrativ eining**

Høyringsforslaget foreslår at kommunen skal ha ansvaret for den administrative organiseringa av godtgjeringsordninga, inkludert innrapportering av dokumentasjon, rekneskapsføring for fellingslaget, og utbetaling til dei deltakande fellingslaga. Forslaget inkluderer likevel ikkje midlar til kompensasjon for kommunane sine utgifter i samband med desse oppgåvene.

USS etterlyser ei orientering frå departementet om korleis denne organiseringa er tenkt, og om kommunane har eit apparat på plass til å ta på seg desse oppgåvene. Det er også eit spørsmål om departementet har vurdert kompensasjon for dei administrative utgiftene dette medfører for den einskilde kommune.

### **Vilkår for deltaking**

Departementet foreslår også at det skal stillast vilkår om at deltakarar i kommunalt/interkommunalt fellingslag er registrerte lisensjegerar. Departementet gjev inga grunngjeving for kvifor dagens

samansetjing av skadefellingslag ikkje fungerer tilfredsstillande. USS stiller seg difor undrande til bakgrunnen for dette forslaget.

### **Spørsmålet om tilbakeverkande kraft**

Godtgjeringsordninga skal ha tilbakeverkande kraft for beitesesongen 2010, med verknad frå 1. juni 2010. USS meiner tilbakeverknaden bør gjelde til 1. januar 2010. Då vil forskrifta avløyse den midlertidige forskrifta som opphøyde 31. desember 2009 utan mellomrom. Slik det no er foreslått vil det vere ein periode på fem månader kor skadefellingslaga ikkje er omfatta av ei kompensasjonsordning.

Departementet viser til at tilbakeverkingskrafta knytter seg til "beitesesongen 2010". Vi vil påpeike at skadefellingar også er aktuelt i reinbeiteområda kor beiting pågår heile året. Difor bør det også kompenseras for utgifter til skadefellingar i perioden 1. januar til 1. mai 2010. Dette vil ikkje ha stor innverknad på ordninga, då det ikkje er mange skadefellingar i denne perioden.

Vi ser det også som sjølvsgatt at forslaget om å gje forskrifta tilbakeverkande kraft, ikkje kan gjelde vilkåret til registrering som lisensjeger. Personar som har deltatt i skadefellingsoppdrag i løpet av 2010 har ikkje hatt føresetnader for å vite at eit slikt vilkår ville bli gjort gjeldande for å få utbetaling av godtgjering. Vi legg difor til grunn at dette vilkåret, dersom det blir vedtatt, berre vil gjelde framover i tid.

Med vennleg helsing

### **Utmarkskommunenenes Sammenslutning (USS)**



Vigdis Hjulstad Belbo

Leiar



Stein Erik Stinessen

Juridisk sekretær